



Lindås Tomteselskap AS  
Hagellia 4  
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2990 - 18/30637

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

30.10.2018

## Dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av avkøyrslø - gbnr 185/116 Isdal

**Administrativt vedtak. Saknr:** 549/18

**Tiltakshavar:** Lindås Tomteselskap AS

**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

### Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå gjeldande områdeplan for Lonena Juvikvarden for flytting av eksisterande avkøyrslø til parkeringsareal.

Det vert elles vist til søknad motteken .

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Områdeplan for Lonena Juvikvarden 1263-200904 er definert som vegareal, i plan merka som Veg 3.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå gjeldande plankart vedkomande plassering av avkøyrslø.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Grunngjeving for å flytte avkøyrslø er å kunne betre trafikksikringa i området.

Strekninga Lonsvegen-Juvikstølen er samleveg mellom E39 og fv57. I samband med større utbyggingar langs Lonsvegen og ny skule, var det naudsynt å sjå på vegstrekninga på nytt. Det vart vedteke å etablere 40 km/t langs heile strekninga.

Plassering av heva gangfelt for 40km/t ved ungdomskulen var teknisk vanskelig å få på plass slik avkøyrslø i dag er etablert. Den ville komme for nær avkøyring eller for nær det heva krysset i same område.

Etter stort påtrykk frå foreldreutval og velforening, ser me på nye løysingar med å reetablere gangfeltet som heva gangfelt. For å få det til, må avkøyrslø flyttast ca. 10m slik situasjonskartet syner. Den gamle avkøyrslø vil bli fjerna når ny er på plass.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Tiltaket vert utført for å betre trafikksikring i Juvikstølen. Dette er eit område kor det kryssar eit stort antal elevar dagleg til barne-, undoms- og vidaregåande skule.

Vegavdelinga meiner at ved å flytte avkøyrsla får vi ei betre løysing enn den vi har i dag.

### **Nabovarsel**

Tiltakshavar/ansvarleg søkjar har i søknad gjort greie for at nabovarsling kan unnlatast då nabo sine interesser ikkje eller i liten grad vert råka av tiltaket. Kommunen legg tiltakshavar/ansvarleg søkjar si vurdering til grunn. I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det ikkje kravd ytterlegare varsling av tiltaket.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 28.09.2018. I søknad er det opplyst at avkøyrslе flyttast om lag 10 meter lengre nord. Vidare går det fram av situasjonskartet at eksisterande avkøyrslе vert fysisk stengd.

### **Vatn og avløp (VA)**

Det søkjast ikkje om endringar av vatn- og avlaupshandteringa.

### **Tilkømt, avkjørsle og parkering**

Det er ikkje dokumentert at det er gjeve nytt avkøyrslеløyve. Vi gjer merksam på at dette vert satt som vilkår for dispensasjon.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### **VURDERING:**

#### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafør ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Avkøyrslø ligg innafør eit område som genererer mykje trafikk. Dette er også ei skuleveg, og tilkomstveg for gåande til mellomanna idrettsanlegga.

Det går fram av søknad at ved å flytta avkøyrslø ynskjer å sikre trafikktryggleiken særskilt for gåande i området, og syner til overgangsfeltet over til ungdomskulen som i dag ligg tett opptil avkøyrslø. Omsøkte tiltak vil ikkje endra øvre trafikkløysing i området, slik at områdeplanen vert ikkje vesentleg satt til side i denne saka.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan vedkomande plassering av avkøyrslø.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå gjeldande områdeplan for Lonena Juvikvarden for flytting av eksisterande avkøyrslø.

Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Det vert gjeve nytt avkøyrslø
2. Kart som synar endeleg plassering med koordinatar vert sendt inn til kommunen

Vi gjer merksam på at tiltaket kan vere søknadspiktig etter plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-2.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2990.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Bortfall av løyve**

Vedtak om dispensasjon er gyldig i 3 år, jf. pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast. Det må ligga føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova innan utløp av 3 års fristen for vedtaket.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lindås Tomteselskap AS

Hagellia 4

5914

ISDALSTØ